

Til kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Dato: 4.01.2019
Vår ref.: 2015/1434-699
Saksbehandlar: marrods
Dykkar ref.:

Nye Vestland fylkeskommune møter kommunane - hald av datoar

Arbeidet med å førebu nye Vestland fylkeskommune er godt i gang. Som ein del av førebuingane vil fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) møta kommunane i regionvise samlingar. På samlingane ynskjer vi innspel til kva utfordringar kommunane i regionen står framfor. Dette er ein lekk i førebuing av kunnskapsgrunnlaget for ein ny utviklingsplan for Vestland fylke (Regional planstrategi 2020-2024).. I samarbeid med regionråda har vi sett av fylgjande datoar for møta:

Stad/tid/regionråd

Kommunar

Bergen, 4.februar 2019
Regionrådet Vest
Div.kommunar i Bergensalliansen

Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Os,
Fusa, Samnanger, Osterøy, Vaksdal

Voss, 6.februar 2019
Hardangerrådet
Sogn regionråd
Voss kommune

Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal,
Leikanger, Balestrand, Vik, Høyanger, Voss,
Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda,
Jondal, Kvam

Gulen, 7.februar 2019
Regionrådet Nordhordland
HAFS

Hyllestad, Solund, Askvoll, Fjaler,
Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden,
Modalen, Radøy, Lindås, Meland

Førde, 26.mars 2019
Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS)
Nordfjorderådet

Selje, Eid, Vågsøy, Flora, Bremanger, Stryn,
Gloppen, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal

Leirvik, 29.april 2019
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Sveio, Bømlø, Etne, Austevoll, Stord, Fitjar,
Tysnes, Kvinnherad

Møta vil vera opne og på ettermiddag/kveldstid. Vi ynskjer spesielt deltaking frå ordførarar, rådmenn og andre relevante samfunnsaktørar i regionen. Vi tek kontakt med dei aktuelle regionråda for meir detaljert planlegging av møta. Det vil koma meir konkret invitasjon med program i forkant av møta. Spørsmål kan rettast til marit.rodseth@hfk.no eller synnove.stalheim@sfj.no.

Rune Haugsdal
Prosjektleder for nye Vestland fylkeskommune

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.